

Høyring og offentleg ettersyn av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse - fråsegn Stord kommune

Framlegg til vedtak:

Stord kommune gjev følgjande fråsegn til planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse:

Stord kommune støttar føremålet med å samla fleire planar. Fylkeskommunen er viktig som kompetansemiljø for kommunane, og det er positivt at planprogrammet legg opp til kartleggingar og utgreiingar som bidrar til ny kunnskap. For at planen ikkje skal bli for vid og kompleks bør den konsentrerast om tema som særskilt treng regional samordning, og som ikkje er godt nok regulert gjennom statlege eller kommunale føringar. Det bør leggjast vekt på å få fram tydelege mål og strategiar. Grunnlagsinformasjon som kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kan med fordel samlast i vedlegg.

Kommunar i utkanten av fylket samarbeider også i stor grad på tvers av fylkesgrensa. For Sunnhordlandskommunane er det såleis positivt at planprogrammet legg opp til samhandling med regionale planar i Rogaland.

Fylkeskommunen er ein viktig samarbeidspart for kommunane, og Stord kommune er positiv til planar som danner grunnlag for samarbeid. Samtidig er det viktig at rammer for kommunal forvaltning vert forankra lokalt i kommunen. Det bør koma tydelegare fram kva verknad planen skal ha for fylkeskommunen sitt rettleiingsansvar, og korleis planen skal vera rammeverk for kommunen si forvaltning.

Plantema

Omstilling og konkurransekraft:

For næringslivet i mange vestlandskommunar er samferdsle ei stor barriere for utvikling. Å skapa gode og framtidsretta strukturar for samferdsle bør difor vera eit sentralt tema, også i denne planen.

Ei anna barriere for næringslivet i Sunnhordlandsregionen er tilgang til kraft. For at ny industri skal etablerast og utviklast, må næringa vera trygg på at tilstrekkeleg kraftforsyning er sikra. Dette kan ikkje løysast med effektivisering aleine. Stord kommune meiner dei nye regionale planane bør ha mål om å utarbeida tydelege strategiar på korleis næringslivet sitt framtidige kraftbehov skal løysast i overgangen til fornybar kraft.

Planprogrammet omtalar «innovasjonssystem» som ein nødvendig faktor for å lukkast med omstilling og utvikling. Det er uklart kva som er meint med «innovasjonssystem», her kan planprogrammet vera meir konkret. Næringslivsklynger er eit viktig verkemiddel for innovasjon som me har god erfaring med i vår kommune. Planen bør løfta fram etablering og drift av klynger, og korleis dei regionale institusjonane kan støtta opp.

Kompetanse og inkludering:

Det er positivt at planprogrammet peikar på gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring som viktig for å unngå at unge vaksne hamnar utanfor arbeidslivet. Her bør strategiane også inkludera tiltak på ungdomstrinnet i skulen, og samarbeid mellom ungdomsskule og vidaregåande skule. Vidare bør utdanning av fagarbeidarar ha særskilt merksemd.

Dei lokale profesjonsutdanningane innan høgare utdanning er viktig for å sikra både industrien og dei offentlege tenestene kvalifisert arbeidskraft. Å oppretthalda og utvikla profesjonsutdanningane bør inngå i planen.

Aukande sosiale skilnader er ei stor utfordring, og det er difor bra at planprogrammet har mål om eit mangfaldig og inkluderande arbeidsliv. Medverknad frå dei det gjeld er viktig i dette arbeidet.

For å behalda kompetanse i distriktskommunane må det finnast relevante og attraktive jobbtillbod. Det bør utarbeidast konkrete strategiar på å etablera og behalda kompetansearbeidsplassar i heile regionen.

Næringslivet kjenner sine behov best. Planarbeidet bør ha strategiar for å fremja strukturar som sikrar jamleg samarbeid mellom lokalt næringsliv, offentlege tenester og utdanningsinstitusjonane, der framtidige kompetansebehov og utdanningstilbod blir drøfta.

Oppfølging av planen

I følgje planprogrammet skal også andre aktørar (enn fylkeskommunen) bidra til å følgja opp handlingsprogrammet til den regionale planen. Det må her leggjast til grunn at tiltak som involverer kommunane skal forankrast i kommunane sine eigne planverk og bli styrt av kommunen sine prioriteringar.

Planprosess, organisering og medverknad

Regionane innanfor Vestland fylke er ulike når det gjeld utfordringar og ressursar. Det er difor viktig å sikra at aktørar frå alle regionar deltek i planarbeidet på ein likeverdig måte. Særskilt må det leggjast vekt på å involvera næringslivsaktørar frå heile fylket. Her er dei regionale samarbeidsråda og næringsråda viktige. Me vil særskilt peika på Stord næringsråd som representerer nokre av dei største industriverksemdene i fylket.

Tradisjonelle medverknadsmetodar når ikkje alle berørte grupper. Planprogrammet bør vise korleis grupper med «svake stemmer» som barn/unge og personar i utanforskap skal involverast i planarbeidet.

Framdriftsplan og milepålar

For å sikra god lokalpolitisk forankring av planen bør høringsperioden utvidast til tidlegast oktober 2026.

Stord kommune ynskjer Vestland fylkeskommune lykke til med planarbeidet, og ser fram til vidare samarbeid i utarbeidinga av planen.

Røysting:

Framlegget frå kommunedirektøren samrøystes vedteke.

Vedtak:

Stord kommune gjev følgjande fråsegn til planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse:

Stord kommune støttar føremålet med å samla fleire planar. Fylkeskommunen er viktig som kompetansemiljø for kommunane, og det er positivt at planprogrammet legg opp til kartleggingar og utgreiingar som bidrar til ny kunnskap. For at planen ikkje skal bli for vid

og kompleks bør den konsentreres om tema som særskilt treng regional samordning, og som ikkje er godt nok regulert gjennom statlege eller kommunale føringar. Det bør leggjast vekt på å få fram tydelege mål og strategiar. Grunnlagsinformasjon som kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kan med fordel samlast i vedlegg. Kommunar i utkanten av fylket samarbeider også i stor grad på tvers av fylkesgrensa. For Sunnhordlandskommunane er det såleis positivt at planprogrammet legg opp til samhandling med regionale planar i Rogaland. Fylkeskommunen er ein viktig samarbeidspart for kommunane, og Stord kommune er positiv til planar som dannar grunnlag for samarbeid. Samtidig er det viktig at rammer for kommunal forvaltning vert forankra lokalt i kommunen. Det bør koma tydelegare fram kva verknad planen skal ha for fylkeskommunen sitt rettleiingsansvar, og korleis planen skal vera rammeverk for kommunen si forvaltning.

Plantema

Omstilling og konkurransekraft:

For næringslivet i mange vestlandskommunar er samferdsle ei stor barriere for utvikling. Å skapa gode og framtidsretta strukturar for samferdsle bør difor vera eit sentralt tema, også i denne planen.

Ei anna barriere for næringslivet i Sunnhordlandsregionen er tilgang til kraft. For at ny industri skal etablerast og utviklast, må næringa vera trygg på at tilstrekkeleg kraftforsyning er sikra. Dette kan ikkje løysast med effektivisering aleine. Stord kommune meiner dei nye regionale planane bør ha mål om å utarbeida tydelege strategiar på korleis næringslivet sitt framtidige kraftbehov skal løysast i overgangen til fornybar kraft. Planprogrammet omtalar «innovasjonssystem» som ein nødvendig faktor for å lukkast med omstilling og utvikling. Det er uklart kva som er meint med «innovasjonssystem», her kan planprogrammet vera meir konkret. Næringslivsklynger er eit viktig verkemiddel for innovasjon som me har god erfaring med i vår kommune. Planen bør løfta fram etablering og drift av klynger, og korleis dei regionale institusjonane kan støtta opp.

Kompetanse og inkludering:

Det er positivt at planprogrammet peikar på gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring som viktig for å unngå at unge vaksne hamnar utanfor arbeidslivet. Her bør strategiane også inkludera tiltak på ungdomstrinnet i skulen, og samarbeid mellom ungdomsskule og vidaregåande skule. Vidare bør utdanning av fagarbeidarar ha særskilt merksemd. Dei lokale profesjonsutdanningane innan høgare utdanning er viktig for å sikra både industrien og dei offentlege tenestene kvalifisert arbeidskraft. Å oppretthalda og utvikla profesjonsutdanningane bør inngå i planen.

Aukande sosiale skilnader er ei stor utfordring, og det er difor bra at planprogrammet har mål om eit mangfaldig og inkluderande arbeidsliv. Medverknad frå dei det gjeld er viktig i dette arbeidet.

For å behalda kompetanse i distriktskommunane må det finnast relevante og attraktive jobbtillbod. Det bør utarbeidast konkrete strategiar på å etablere og behalda kompetansearbeidsplassar i heile regionen.

Næringslivet kjenner sine behov best. Planarbeidet bør ha strategiar for å fremja strukturar som sikrar jamleg samarbeid mellom lokalt næringsliv, offentlege tenester og utdanningsinstitusjonane, der framtidige kompetansebehov og utdanningstilbod blir drøfta.

Oppfølging av planen

I følgje planprogrammet skal også andre aktørar (enn fylkeskommunen) bidra til å følgja opp handlingsprogrammet til den regionale planen. Det må her leggjast til grunn at tiltak som involverer kommunane skal forankrast i kommunane sine eigne planverk og bli styrt av kommunen sine prioriteringar.

Planprosess, organisering og medverknad

Regionane innanfor Vestland fylke er ulike når det gjeld utfordringar og ressursar. Det er difor viktig å sikra at aktørar frå alle regionar deltek i planarbeidet på ein likeverdig måte. Særskilt må det leggjast vekt på å involvera næringslivsaktørar frå heile fylket. Her er dei regionale samarbeidsråda og næringsråda viktige. Me vil særskilt peika på Stord næringsråd som representerer nokre av dei største industriverksemdene i fylket.

Tradisjonelle medverknadsmetodar når ikkje alle berørte grupper. Planprogrammet bør vise korleis grupper med «svake stemmer» som barn/unge og personar i utanforskap skal involverast i planarbeidet.

Framdriftsplan og milepålar

For å sikra god lokalpolitisk forankring av planen bør høyringsperioden utvidast til tidlegast oktober 2026.

Stord kommune ynskjer Vestland fylkeskommune lykke til med planarbeidet, og ser fram til vidare samarbeid i utarbeidinga av planen.

Kommunedirektøren, 01.10.2025

Dokumentliste

I	27.08.2025	Vestland fylkeskommune	Høyring og offentlig ettersyn av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse
U	28.08.2025	Vestland fylkeskommune	Førespurnad om utsett høyringsfrist - Høyring og offentlig ettersyn av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse
I	11.09.2025	Vestland fylkeskommune	Svar på førespurnad om utsett høyringsfrist - planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse
S	22.09.2025		Høyring og offentlig ettersyn av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse - fråsegn Stord kommune

Innleiing (bakgrunn for saka)

Vestland fylkeskommune varsla 27.08.25 oppstart av arbeid med regional plan for verdiskaping og kompetanse. Planprogrammet for arbeidet vart samtidig sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn etter plan- og bygningslova §4-1. Fylkeskommunen inviterer kommunale styresmakter til å uttale seg. Planprogrammet skal vedtakast av fylkesutvalet. Frist for uttale er 10. oktober. Kommunen har etter førespurnad fått utsettjing til 20. oktober.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Føremålet med regional plan for verdiskaping og kompetanse er å gi overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefelt i Vestland fylke. Planen skal bidra til felles forståing av utfordringar, moglegheiter og utviklingsbehov, og styrka samordning og samarbeid mellom offentlege og private aktørar innanfor feltet.

Alle regionale planar skal etter plan og bygningslova §4-1 ha eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal gjere greie for:

- føremålet med planarbeidet
- oversikt over sentrale tema og problemstillingar
- planprosessen med fristar og deltakarar
- opplegget for medverknad
- behovet for utgreiingar

I denne saka er det desse punkta ein ber om fråsegn til.

Vurdering

Kommunedirektøren er positivt til at fylkeskommunen vil slå saman fleire planar. For kommunen er det krevjande å forhalda seg til mange regionale planar som blir reviderte på ulike tidspunkt. Samtidig tar den nye planen mål av seg å famna om svært mange område, og det kan verta utfordrande å gjera planen til eit effektivt styringsverktøy med tydelege mål og strategiar. Kommunedirektøren meiner difor planprogrammet bør løfta fram kva for tema som er viktigast for ei berekraftig og samordna utvikling av Vestland, og som bør prioriterast i planen.

Næringslivet i Sunnhordland peikar på kraftforsyning og samferdslestrukturar som avgjerande for framtidig verdiskaping. Kommunedirektøren meiner difor at dette må ha ein tydeleg plass i planarbeidet. Det er også viktig å løfta fram og byggja vidare på

eksisterande strukturar som fungerer som motorar for innovasjon og nyskaping, noko næringsklyngene på Stord er gode døme på.

Utdanningssystemet lokalt i Vestland er svært viktig for å skaffe kompetent arbeidskraft. Utvikling av interesseområde og val av utdanning startar for mange på ungdomstrinnet i skulen. Slik kommunedirektøren ser det bør den regionale planen også trekke inn samarbeid med grunnskule for å gi elevane eit godt grunnlag for å ta gode og rette val for seg sjølv og for lokalsamfunnet. Vidare må samarbeid med høgskular og universitet bidra til å oppretthalda og utvikla dei profesjonsutdanningane som næringslivet og det offentlege treng. Etablering av regionale og statlege kompetansearbeidsplassar er ein god strategi for å behalda kompetanse i distrikta.

God lokal forankring av planen er avgjerande for måloppnåinga. Kommunedirektøren vil peika på verdien av brei medverknad i planprosessen. Regionsråda og dei lokale næringsråda viktige aktørar. Samtidig må berørte grupper med «svake stemmer» involverast.

For den lokalpolitiske forankringa er det avgjerande at framdriftsplanen gir rom for gode prosessar. Det er då lite tenleg å leggja høyringsperioden til sommarferien. Kommunedirektøren foreslår difor ein utvida høyringsperiode.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

Ingen direkte konsekvensar

Konsekvensar for berekraftsmåla:

Ingen direkte konsekvensar. Den regionale planen vil få føringar som gjeld folkehelse, klima og miljø.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen direkte. Den regionale planen vil omhandla beredskap.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår fråsegn som vist under framlegg til vedtak.

Plan for gjennomføring

I samråd med fylkeskommunen blir kommunedirektøren sitt framlegg til fråsegn sendt innan fristen. Saksprotokoll frå formannskapsmøtet blir ettersendt etter møtet.